

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lekvik

Emne: Juletre og julekalen

Bygdelag: Blankbygda

Oppskr. av: Johannes Hagen

Gard: Røstad nordre

(adresse): Lekvik

G.nr. 34 Br.nr. 2+3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Ja, juletre har dei på å seia i kvar heim i bygda no.
- 2 Det var visst kring 1880
- 3 Det var ei guvernante i prestegarden som heldt den første jultrefeesten i bygda. Festen vart halden i eit av skolehusa (i Myran), og det var ein barneforeningsfest, først i 1880 åra var dette. Eg sjå den tid tok juletreet til å koma inn i heimane. Så kring 1900 må ein vel seia det var vanleg at storparten av heimane i bygda hadde juletre. I kyrkja er det berre omlag 25 år sidan bruket med juletre tok til.
- 4 Nei
- 5 Nei
- 6 I heimane på jammen frå 1,5 m til 2 m, i forsamlingshusa 4-5 m. høgt.
- 7 a No blir det brukt glaskuler, glitter, korgar av leta papir og i toppen often ei stjerne eller eit glasspir. Men min mor-bror, som er fødd i 1868, fortel at den første juletrepynten han minnst var

gjort av halmpiper, omlag 2" lange, tredde på snelletråd med leta papir mellom kvar halmpipe. Ja det blir brukt lyd på treet. For støyte dei små lyd av halg, no blir det kjøpt lyd på handelsbua eller dei har elektriske lyd somme.

8 Det har aldri vari nokon fast regel, det er etter som det høver, enten voksne eller barn, eller dei kjelpest at både voksne og barna.

9 O dei aller fleste heimane står det på golvet, det kan hende at eit eindeleg menneske som bur på eit lite rom berre har eit lite tre på eit bord; men det er ikkje mange tilfelle.

10 Treet blir tændt juleaftan, men sidan er det ikkje nokon bestemte kvelder Det blir gjerne tændt når ein har gjester i jula, og då gjerneast kvelden før det blir kaota ut.

11 Ja ein går King treet og syng jule- og fedrelandsanger.

12 Minst til 13 dagen; Men mange til 20 dagen, ja somtid enda lengere.

13 Er det born i huset er det dei som kaster treet. Ein seier "kastet" eller og "snøyd" treet, og då "kastet det ut".

14 Grantre.

15 Er ikkje brukt i byggda.

16 Nei ikkje nokon tre utafør husa, julebandet er alltid sett på ein staur.

Julekalen

- 1 Det er så lenge sidan stikken med kalen på golvet julenatta har vori i bruk at ingen veit å fortelje om slikt her i bygda. Men ei kone (fødd kring 1820) som hadde vakse øye på ein avsidesliggende gard i Aafjorden hadde fortalt min morbror, at på den garden bar dei kalen og breidde over golvet julekvelden. Og så satt dei heile julenatta og song salmer heilt til dei måtte bli seg på kyrkjiferd. Talglydet hadde dei i ein stake sett i ein trebunte, så det ikkje skulle falle brennande skar av lyset ned i kalen. Ho, som da var berre gjentängen, hadde domna om natta, men da fekk ho ei alvorleg refsing av husbonden for at ho var så ugudelig. Om dei hadde kalen inne meir enn julenatta kjenner eg ikkje til. Dette er alt eg har høyrd om julekalen.

4250

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING